

Zweet

© 2015, Det Norske Samlaget, Oslo

Vi snakka aldri om badinga. Etter at det hadde skjedd, tenkte eg berre på det som badinga. Ingen spurte oss om det heller. Vi gløymte så godt vi kunne. Berre at eg er ikkje spesielt flink til å gløyme.

Andrine samla oss. Såg kvar og ein i auga.

-Vi veit ingenting. Vi gjekk heim då vi såg at ho kom. Ok?

Alle nikka. Så sprang vi som nokre små helvete. Først saman, deretter i kvar vår retning. Heim til kvar våre hus, til kvart vårt rom. Pilte i skjul lik små mus.

Alle vi kalla henne berre Beistet. Eg hugsar at eg halte i henne alt eg makta. Eg var så redd at eg fekk kjempekrefter. Redd av å sjå henne slik. Den slappe kroppen, opne auge som ikkje festa blikket nokon stad, den gapande munnen. Borte, liksom, ikkje til å nå.

Eg fekk tak i armen hennar, greip fast, greip og kneip, halte og drog, prøvde å springe mot land med henne, springe i vatnet. Ei scene i sakte film.

Eg klapsa henne i ansiktet òg. Klapsa, såg etter reaksjonar. Veit ikkje om ho registrerte det, vi fekk ikkje kontakt. Eg blei rasande på henne, tenkte: Reagér, for faen! medan eg slo flathanda mot kjaken hennar. Eg slo fleire gonger. Kjende den kalde huden. Hørde klasket.

Så sa Andrine det ho sa. Vi såg på kvarandre, nikka og sprang derifrå. Hadde ingenting sett, visste ingenting. Beistet låg igjen.

Vi kom på skulen. Pulten hennar sto tom. Vi såg ikkje på kvarandre. Læraren sa ingenting. Ei heil veke gjekk. Fem skuledagar. Ikkje eit ord. Ingenting i avisa. Vi snakka ikkje saman. Rett heim frå skulen, ikkje eit ord i friminutta. Ikkje eit ord til nokon.

Neste veke begynte. Ein eller annan grønskolling rekte opp handa.

-Kor er det blitt av Syndromet?

Slik fekk vi vite at ho låg på sjukehuset. Ei ulykke, sa dei.

Alle vi stirte i pulten. Eller ut vindauget. I veggen. Vi møtte ikkje kvarandres blikk.

Naturfagbøkene kom fram. Eg ba om å få gå på do.

Zweet

(Aus dem Norwegischen von Maike Dörries)

© 2017, Mixtvision Verlag, München

Wir haben nie darüber gesprochen, was beim Strandbad passiert ist. Hinterher hab ich daran immer nur als der Vorfall gedacht. Keiner hat uns darauf angesprochen. Wir haben, so gut das eben ging, versucht, es zu vergessen. Dumm nur, dass ich nicht so leicht etwas vergesse.

Andrine hat uns zusammengetrommelt, uns tief in die Augen geschaut.

„Wir wissen von nichts. Sind nach Hause gegangen, als sie gekommen ist. Okay?“ Alle haben genickt und sind wie vom Teufel gejagt weggerannt. Zuerst zusammen, dann jeder in seine Richtung. Nach Hause, in unsere Zimmer. Wie Mäuse in ihr Versteck.

Wir nennen sie alle nur das Biest. Ich erinnere mich, dass ich mit aller Kraft an ihr gezerrt habe. Vor lauter Angst entwickelte ich schier übermenschliche Kräfte. Angst sie so zu sehen. Ihren schlaffen Körper. Die aufgerissenen Augen, der ins Nichts gerichtete Blick, der offene Mund. Weggetreten, unerreichbar.

Ich bekam ihren Arm zu fassen, umklammerte ihn, drückte, zerrte und zog an ihr, versuchte, sie an Land zu ziehen, durchs Wasser zu schleifen. Eine Szene wie in Zeitlupe aufgenommen.

Ich hab ihr Ohrfeigen gegeben, mit der flachen Hand, nach einer Reaktion geschaut. Sie schien nichts mitzubekommen, ich bin nicht zu ihr durchgedrungen. Ich war stinksauer auf sie, dachte: Jetzt reagier endlich, verdammt nochmal, während ich ihr immer wieder mit der flachen Hand auf die Wange schlug. Fühlte ihre kalte Haut. Hörte das Klatschen.

Und dann hat Andrine ihren Satz gesagt. Wir sahen uns an. Nickten und rannten los. Wir haben nichts gesehen. Wissen von nichts. Das Biest ließen wir liegen.

In der Schule war ihr Platz leer. Wir sahen uns nicht an. Die Lehrer sagten nichts. Eine Woche verging. Fünf Schultage. Kein Wort. Nichts in der Zeitung. Wir redeten nicht miteinander in den Pausen. Gingen nach der Schule direkt nach Hause. Kein Wort zu niemandem.

In der zweiten Woche hat ein Schwachmat sich gemeldet und gefragt, wo denn eigentlich das Syndrom sei.

Låste døra, sette meg på dolokket. Slo armene omkring meg sjølv. Hjartet sprang om kapp med noko der inne, eg klarte ikkje å stoppe det. Nokon hadde skriva ein diger Z på innsida av døra. Grøn, brei tusj. Z for Zorro. Zorro was here. Barnslege idiotar. Plutseleg sto eg og sparka i døra. Sparka og sparka. Dritungar. Då skuleåret begynte på igjen året etter, såg ho annleis ut. Ikkje feit lenger, ikkje i det heile tatt feit. Kanskje ho ikkje hadde vore så feit før heller, berre ikkje tynn. Ikkje sånn som oss. No var ho blitt tynn. Og ho måtte ha vakse tjue centimeter, minst. Ho var blitt høgare enn både Andrine og meg. Vi såg på kvarandre då ho kom inn i klasserommet. Raske blikk, Nina himla og laga ein grimase. Ikkje meir enn det. Vi lest som ingenting, som om vi ikkje la merke til henne. Ho sette seg ved pulten sin. Ny, irrg grøn langbukse. Ikkje eit blikk på nokon av oss.

Da haben wir erfahren, dass sie im Krankenhaus lag. Unfall, hieß es. Wir starrten auf unsere Tischplatten. Oder aus dem Fenster. An die Wand. Jedenfalls sahen wir uns nicht an. Wir sollten die Naturkundebücher rausnehmen. Ich sagte, dass ich mal austreten müsste. Ich hab die Tür abgeschlossen und mich auf den Klodeckel gesetzt. Die Arme um meinen Oberkörper geschlungen. Mein Herz raste mit irgendwas da drinnen um die Wette, ich konnte es nicht bremsen. An die Innenseite der Klotür ist ein großes Z gekritzelt. Grün, breiter Filzstift. Z für Zorro. Zorro was here. Kindische Idioten. Wie ferngesteuert stand ich auf und trat gegen die Tür. Immer wieder. Scheißidioten. Im nächsten Schuljahr war sie wieder da. Sie war verändert. Nicht mehr fett, kein bisschen fett. Eigentlich war sie vorher auch nicht wirklich fett gewesen, nur eben auch nicht schlank. Anders als wir. Jetzt war sie schlank. Und mindestens zwanzig Zentimeter gewachsen. Sie hatte Andrine und mich überholt. Wir tauschten Blicke, als sie die Klasse betrat. Rasche Blicke. Nina verdrehte die Augen und schnitt eine Grimasse. Wir taten, als ob nichts wäre, als würden wir sie gar nicht bemerken. Sie setzte sich an ihren Tisch. Neue, knallgrüne Hose. Und würdigte keine von uns eines Blickes.